



Audun Lysbakken
Peter Christian Frølich
Erik Skutle

Dato: 26.06.2015
Vår ref.: 2014/560-178
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.: «REF»

Førespurnad om deltaking på samling for å jobbe med Nasjonalt ungdomsråd

Ungdommens fylkesutval i Hordaland jobbar saman med ungdommens fylkesutval i andre fylkeskommuner for å opprette eit Nasjonalt ungdomsråd. Det er ein prosess som vert jobba med i desse dagar, og arbeidsutvalet skal møtast i Bergen 18.-20. september.

Nasjonalt ungdomsråd skal vere eit nasjonalt medverkingsorgan, slik at ungdom og kan verte høyrte på det nasjonale nivået. Lovfesting av medverkingsorgan for ungdom på alle nivå er eit viktig steg i rett retning slik at ein kan få klarare regelverk for korleis unge vert valt inn i ungdomsråd og såleis vert legitimiteten til råda på alle nivå auka.

I samband med dette ønskjer Ungdommens fylkesutval i Hordaland å invitere dykk slik at de kan høyre kva ungdom sjølve meiner er viktig i samband med eit nasjonalt medverknadsorgan for unge. Ungdommens fylkesutval og resten av arbeidsutvalet er og veldig interessert i å høyre kva det tenkjer om eit slikt medverknadsorgan.

Vi håpar at det kan delta og ser fram i mot å høyre frå dykk.

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar
Ungdommens fylkesutval

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.